



**Etter eit opphald frå i haust var ein dugnadsgjeng her om dagen igjen i sving på Storhaughytta for første gong i 2008.**

Det vart arbeid med å leggja resten av taket, innsetjing av nye glas og bordkleding på vestsida av hytta. Trass i sur vind og snøbyer såg det ut til at arbeidet gjekk med liv og lyst.

Når det meste av arbeidet ute er gjort, skal romma inne delast av og gjerast klare til bruk i den no ca 60 kvadratmeter tidlegare Statkrafthytta. Det er og planar for å grava ut brunn sidan det ikkje er noko vasskjelde i nærleiken av denne hytta som for mange uskedalingar er eit kjent turmål.

Rød, Ljosnes og Kjærland var godt representerte i dette arbeidslaget.

Tekst og foto: Einar Gjertsen

